

Delegeringsreglement for Høgskulen i Volda

Delegeringsreglementet er vedtatt av styret i sak 56/20 med heimel i Lov om universiteter og høyskoler av 1. april 2005 nr. 15 (uhl.) med seinare endringar.



Delegeringsreglementet er vedtatt av styret i sak 56/20 med heimel i Lov om universiteter og høyskoler av 1. april 2005 nr. 15 (uhl.) med seinare endringar.

Innhald

1. Reglar for delegering	3
1.1. Definisjonar	3
1.2. Hovudprinsipp	3
1.3. Heimel for delegeringsreglementet	4
1.4. Instruks	4
2. Styret sitt mynde	4
2.1. Organisering og styring	4
2.2. Økonomi	5
2.3. Utdannings- og forskingssaker	5
2.4. Personale/leiing	5
3. Rektor sitt mynde	6
3.1. Organisering og styring	6
3.2. Økonomi	7
3.3. Utdannings- og forskingssaker	7
3.4. Personale/leiing	7
4. Høgskuledirektør sitt mynde	8
4.1. Organisering og styring	8
4.2. Økonomi	8
4.3. Utdannings- og forskingssaker	9
4.4. Personale/leiing	9
5. Dekan sitt mynde	10
5.1. Organisering og styring	10
5.2. Økonomi	10
5.3. Utdannings-, forsking- og utviklingssaker	11
5.4. Personale/leiing	11
6. Mynde for nemnder og utval	12
6.1. Klagenemnda	12
7. Seanse	12
7.1. Heimel for Seanse sitt mynde	12
8. Delegering av administrativ mynde	13
8.1. Generelt	13



1. Reglar for delegering

1.1. Definisjonar

Legalitet: All utøving av offentlig mynde bygger på legalitetsprinsippet, dvs. at den som utøver myndighet skal være tildelt avgjerslekompetanse, og at alle avgjersle skal ha heimel i lov.

Delegering: Tildeling av kompetanse (mynde) utan å gi frå seg eigen kompetanse (mynde). Delegering kan berre skje til underordna organ som det delegerande organ har instruksjonsmynde over. Delegering krev også at det eksisterer ein systematisk internkontroll for å følge opp det som vert delegert.

Delegeringssperre: UH-loven angir i visse tilfelle saker der Høgskulestyret sjølv skal handsame saka. Dette er definert som delegeringssperre. I enkelte delegeringsvedtak som Høgskulestyret har fatta, kan det også vere lagt inn delegeringssperre for den mynde som er delegert.

Formelt ansvar: Plikt til å stå til rette for noko (skadebotrettsleg ansvar, strafferettsleg ansvar m.m.).

Dagleg ansvar: Den tilsette sitt ansvar for å forvalte den tildelte kompetanse (mynde) i samsvar med lover, reglar, oversyn styringsordning, instruks m.m.

Mynde: Den kompetansen som ligg til eit organ eller ein person.

Fullmakt: Det mynde ein tilsett har fått til å handle på høgskulens vegne.

Stillingsfullmakt: Det mynde ein tilsett utøver i kraft av stilling eller det mynde ålmenta ventar ligg til stillinga.

Organ: Person eller nivå som har fått mynde delegert til seg.

Delegeringsreglement: Samla oversikt over gjeldande reglar for delegering og oversyn styringsordning for høgskulen.

Forkortingar: uhl.. = Lov om universiteter og høyskoler av 1. april 2005 nr. 15 med seinare endringar

1.2. Hovudprinsipp

- Alle avgjersler ved institusjonen treft av andre enn styret, blir treft etter delegering frå styret og på styret sitt ansvar (uhl. § 9-1 (2)).
- Styret kan delegerare si avgjerslemynde til andre ved institusjonen i den utstrekning det ikkje fylgjer av denne lova at styret sjølv skal treffe vedtak (delegeringssperre), eller det er andre særlege avgrensingar i tilgangen til å delegere (uhl. § 9-1 (2)).
- Det delegerande organet har framleis det formelle ansvaret for sakshandsaminga.
- Delegeringsvedtak kan takast tilbake.
- Det delegerande organet kan gjere om vedtak fatta av det underordna organet i same utstrekning som om det sjølv hadde treft vedtaket.
- Den som får tildelt avgjerslemynde vil alltid ha rapporteringsansvar til organet som har gitt delegeringa.
- Delegering frå styret kan skje til rektor, høgskuledirektør, andre leiarstillingar og til særskilt oppnemnte nemnder, råd og utval.



1.3. Heimel for delegeringsreglementet

Lov av 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (uhl.) § 9-1 (2) samt godkjenning av delegeringsreglementet i høgskulestyret si sak **** og med basis i dei overordna prinsippa for delegeringsinstituttet.

1.4. Instruks

Gjeldande *Delegeringsreglement* er saman med *Oversyn over styringsordningane ved Høgskulen i Volda* instruks for institusjonens daglege leiing inntil eigne instruksar er utarbeidet og vedtatt, jf. Uhl. § 9-2 (3).

2. Styret sitt mynde

Heimelen for styret sitt mynde:

- Med basis i dei overordna prinsipp og heimel i Lov av 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (UH-loven) og seinare endringar

2.1. Organisering og styring

Styret skal sjølv

- 2.1.1. fastsette den overordna interne organiseringa til verksemda på alle nivå. (uhl. § 9-2 (4) (delegeringssperre)) – dette gjeld oppretting og nedlegging av einingar samt fastsette styringsordningar og samansetning av eventuelle styringsorgan for underliggande einingar. (Ot.prp. nr. 40 (2001-2002) pkt. 12.1.2, til § 4).

Organiseringa skal vere i samsvar med gjeldande tilpassingsavtale.

- 2.1.2. fastsette samansettinga til styret (uhl. § 9-3 (2) og (3) delegeringssperre)
- 2.1.3. peike ut møteleiar i styreleier sitt fråvær eller ved inhabilitet (uhl. § 9-6 (7) og styret sin forretningsorden punkt 8)
- 2.1.4. fastsette instruks for arbeidet til styret (jf. forretningsorden for arbeidet i styret)
- 2.1.5. fastsette reglar om val og valbarheit for institusjonen sitt styre (uhl. § 9-4 (6), (7) og (10) delegeringssperre) og reglar om val av rektor med mindre det er treft vedtak om tilsetting av rektor (uhl. § 10-2 (5) delegeringssperre)
- 2.1.6. utnemne ei klagenemnd som avgjer klager på vegne av styret og fastsette generell instruks for klagenemnda (uhl. § 5-1)
- 2.1.7. utnemne skikkanemnd (uhl. § 4-10 (6) og forskrift om skikkavurdering i høgare utdanning § 6 delegeringssperre) som gir innstilling til klagenemnda
- 2.1.8. ha overordna ansvar for læringsmiljøet til studentane (uhl. § 4-3 (1))
- 2.1.9. avgjere kva organ som skal vedta utlysing, innstilling og tilsetting i undervisning- og forskarstillingar (uhl. § 6-3 (1)), samansetninga av tilsetjingsutvalets og prosedyre om utlysing,



vurdering, innstilling og tilsetting m.m. (uhl. § 6-3 (5) delegeringssperre)

2.1.10. fastsette samansetning av innstillingsutvalet og nærare reglar om innstilling m.m. ved tilsetting av leiar for avdeling (dekan) og administrerande direktør (uhl. § 11-1 (3) delegeringssperre)

2.1.11. avgjere om det skal vere eitt eller fleire tilsettingsråd ved institusjonen (uhl. § 11-1 (5) og Lov om statens ansatte mv. § 6)

2.1.12. behandle og vedta styringssystemet for informasjonstryggleik og vesentlege endringar i systemet

2.1.13. avgjere kjøp og sal knytt til randsoneverksemd

2.2. Økonomi

Styret skal sjølv

2.2.1. fordele årlege budsjettrammer på budsjetteiningane og føre tilsyn med at ressursane blir disponert innanfor gitte rammer og i samsvar med fastsette premissar (uhl. § 9-2 (2))

2.2.2. etter nærare utgreiing gitt av departementet, gi årsregnskap med utgreiing for resultatata av verksemda og legge fram forslag til budsjett for komande år (uhl. § 9-2 (5))

2.2.3. fastsette hovudreglar for høgskulen si økonomiforvaltning på grunnlag av statens økonomireglement og andre sentralt fastsette reglar-. § 9-2 (2))

2.3. Utdannings- og forskingssakar

Styret skal sjølv

2.3.1. trekke opp strategien for høgskulen si utdannings- og forskingsverksemd og anna faglag verksemd og legge planer for den faglege utviklinga (uhl. § 9-2 (1))

2.3.2. fastsette studieporteføljen til høgskulen (uhl. § 3-3 (2)).

2.3.3. vedta etablering og nedlegging av studium over 60 studiepoeng på lågare grads nivå.

2.3.4. regulere tilgangen til studiar eller deler av studiar ut frå kapasitets- eller ressursomsyn (uhl. § 3-7 (5) delegeringssperre)

2.3.5. fastsette forskrift om opptak til studiar ved høgskulen (uhl. §§ 3-6 og 3-7)

2.3.6. fastsette forskrift om eksamen og studierett ved høgskulen (uhl. 3-9 (7) (delegeringssperre))

2.3.7. fastsette nærare utfyllande reglar om tilgang til å gå opp til eksamen utan å vere tatt opp som student (uhl. §§ 3-9 (7) (delegeringssperre) og 3-10 (3))

2.3.8. gjere unntak for sensurfrist for enkelteksamenar og fastsette lengre sensurfrist i midlertidig forskrift (uhl. § 3-9 (4) delegeringssperre)

2.4. Personale/leiing



Styret skal sjølv

- 2.4.1. fastsette instruks for høgskulen sin rektor og høgskuledirektør (uhl. § 9-2 (3)), jf. punkt 1.4.
- 2.4.2. opprette og trekke inn stillingar som høgskuledirektør og dekanar, (uhl. §§ 9-2 (4) og 11-1 (1))
- 2.4.3. tilsette i stillingar som høgskuledirektør og dekanar, (uhl. §§ 10-3 (1), 11-1 (3))
- 2.4.4. avgjere saker etter statsansatteloven § 30 om avskjed, oppseiing, suspensjon eller ordensstraff når styret er tilsettingsorgan (uhl. § 11-3 (1) delegeringssperre, jf. uhl. § 10-2 1 b).
- 2.4.5. avgjere vidare saksgang i saker der direktør er ugild
- 2.4.6. kunne nytte administrasjonen til utgreiing og saksførebuing sjølv om direktør er ugild. Administrasjon som er direkte underordna direktør, kan som følge av reglane om avleia inhabilitet i forvaltningsloven § 6 tredje ledd ikkje treffe avgjersle i forvaltningsloven si nemning. Styret vurderer i det einskilde tilfellet om ei oppgåve som vert lagd til administrasjonen vil innebere «avgjørelse» i forvaltningsloven si nemning.

3. Rektor sitt mynde

Heimelen for rektors mynde:

- Uhl. § 10-2
- Delegeringsvedtak teke av høgskulestyret.

3.1. Organisering og styring

Styret delegerer til rektor å

- 3.1.1. på vegne av styret ha det overordna ansvar for leiing av høgskulen si verksemd og føre tilsyn med den (uhl. § 10-2 1a)
- 3.1.2. avgjere saker som bør avgjerast før neste ordinære styremøte, og som ikkje kan reknast som viktige nok til at det bør kallast inn til omframt styremøte (uhl. § 10-2 nr.1 b)
- 3.1.3. ta avgjerd i saker som ikkje kan vente til neste styremøte i perioden frå siste ordinære styremøte i vårsemesteret til første ordinære styremøte i haustsemesteret (sommarfullmakt). Desse fullmaktssakene skal refererast i førstkomande styremøte. Rektor kan i same tidsrom delegere denne fullmakta vidare i avgrensa periodar dersom rektor finn det naudsynt. (Uhl 10-2)
- 3.1.4. vere rettsleg representant og talsperson for institusjonen overfor offentlege myndar og ålmenta, jf. punkt 4.2.4.
- 3.1.5. møte i alle institusjonens styrer, råd og utval (uhl. § 10-2 1a) når rektor ynskjer. Avløyssar (stedfortreder) for rektor er her prorektor (uhl. § 10-2 1a)
- 3.1.6. utnemne styret sin representant, tilsettrepresentantar og studentrepresentantar i tilsettingsutvala etter forslag frå hovudtillitsvalt og studentparlamentet.
- 3.1.7. supplere studentrepresentantar til klagenemnda etter forslag frå studentparlamentet samt ved behov utnemne nye medlemmer til klagenemnda i løpet av oppnemningsperioden til



klagenemnda

- 3.1.8. utnemne medlemmer til eventuelle råd og utval der utnemning ikkje er lagt til styret i følge lover og forskrifter samt punkt 2.1 eller til høgskuledirektøren jf. punkt 4.1.3
- 3.1.9. gjere mindre endringar i retningslinjene til Utval for god forskingsskikk (Redelighetsutvalet)
- 3.1.10. ha det overordna behandlingsansvar for handsaming av personopplysningar saman med høgskuledirektøren, jf. punkt 4.1.6.
- 3.1.11. avgjere saker av utdanningspolitisk karakter dersom dette ikkje er spesifikt delegert i egne fullmaktoversikter.
- 3.1.12. vere pressetalsmann for kriseleiinga. Ytterlegare mynde går fram av gjeldande beredskapsplan.

3.2. Økonomi

Styret delegerer til rektor å

- 3.2.1. saman med høgskuledirektør godkjenne rekneskapsrapportar som ut frå retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet ikkje må godkjennast av styret sjølv
- 3.2.2. påtale økonomiske mishald ved høgskulen saman med høgskuledirektør, jf. punkt 4.2.3.

3.3. Utdannings- og forskingssaker

Styret delegerer til rektor å

- 3.3.1. avgjere prinsipielle spørsmål av fagpolitisk karakter etter samråd med prorektor, dekanane, høgskuledirektør, studiedirektør eller forskingssjef, når avgjersla ikkje er tillagt andre organ.
- 3.3.2. godkjenne søknad til departement/direktorat om tildeling av særskilt utlyste løyvingfinansierte studiar på nivå av lågare grad saman med høgskuledirektør.
- 3.3.3. saman med høgskuledirektør ha ansvar for å etablere, ta i bruk og vedlikehalde kvalitetssystemet på en slik måte at intensjonane som er lagt til grunn blir realisert, jf. punkt 4.3.5. Rektor er ansvarleg for kvaliteten i høgskulen sine studietilbod. Rektoratet har ansvar for den daglege oppfølginga av kvalitetssystemet, og for at det blir oppretta og gjennomført kompetansehevingstiltak for fagleg tilsette.
- 3.3.4. delegere oppgåver og mynde til prorektor innanfor område som gjeld utdanning- og forskingssaker

3.4. Personale/leiing

Styret delegerer til rektor å

- 3.4.1. på styrets vegne ha arbeidsgiveransvar for høgskuledirektør og prorektor



4. Høgskuledirektør sitt mynde

Heimelen for høgskuledirektørs mynde:

- Uhl. § 10-3
- Delegeringsreglementet og styringsordningane sin instruks for den daglege leiinga, jf. uhl § 9-2 (3)
- Delegeringsvedtak fatta av høgskulestyret
- Bevillingsreglementet og Hovedinstruks frå Kunnskapsdepartementet om økonomiforvaltningen ved statlige universiteter og høyskoler
- Retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet

4.1. Organisering og styring

Styret delegerer til høgskuledirektør å

- 4.1.1. vere den øvste leiaren for den samla administrative verksemda på vegne av styret (uhl. § 10-3). Direktør fastset den administrative organiseringa, jf. punkt 2.1.1.
- 4.1.2. vere sekretær for styret og etter samråd med rektor, førebu og gi tilråding i saker som skal leggest fram for styret (uhl. § 10-3 3)
- 4.1.3. ta avgjerd i saker som ikkje kan vente til neste styremøte i perioden frå siste ordinære styremøte i vårsemesteret til første ordinære styremøte i haustsemesteret (sommарfullmakt). Desse fullmaktssakene skal refererast i førstkomande styremøte. Høgskuledirektør kan i same tidsrom delegere denne fullmakta vidare i avgrensa periodar dersom direktøren finn det naudsynt. (Uhl 10-3)
- 4.1.4. ha møte-, tale- og forslagrett i alle organ ved høgskulen i saker som inngår i ansvarsområdet
- 4.1.5. supplere valstyret etter behov i løpet av utnemningsperioden til valstyret
- 4.1.6. fastsette reglement for Læringsmiljøutvalet (uhl. § 4-3 (3)).
- 4.1.7. i samarbeid med dei tillitsvalde justere mandatet til avdelingsrådet i samsvar med høyringssvara, jf. sak 45/20 (28.5.20)
- 4.1.8. ha det overordna ansvaret for informasjonstryggleiken. Ansvar for utøving av daglege oppgåver kan delegerast vidare til leiar for IT.
- 4.1.9. ha det overordna behandlingsansvar for handsaming av personopplysningar saman med rektor, jf. punkt 3.1.8.
- 4.1.10. peike ut sin vara blant medlemmane i direktøren si leiargruppe. Vara kan variere etter behov og tilgjengelege ressursar.
- 4.1.11. vere leiar for den sentrale kriseleiinga. Ytterlegare mynde går fram av gjeldande beredskapsplan.

4.2. Økonomi

Styret delegerer til høgskuledirektør å

- 4.2.1. disponere ressursar og eigedom i samsvar med vedtak gjort av styret



- 4.2.2. ha ansvar for at den samla økonomi- og formueforvaltning skjer i samsvar med lover og føresegn
- 4.2.3. påtale økonomiske mishald ved høgskulen saman med rektor, jf. punkt 3.2.2.
- 4.2.4. representere høgskulen i forhandlingar med eksterne partar om avtarar som bind høgskulen økonomisk eller på anna måte. jf. punkt 3.1.4.
- 4.2.5. ha tilvisingsmynde (uhl. § 10-3 (7))
- 4.2.6. føre tilsyn med og ha ansvar for drift og vedlikehald av høgskulen sine lokale i samarbeid med utleigar
- 4.2.7. saman med rektor godkjenne rekneskapsrapportar som ut frå retningslinjer frå Kunnskapsdepartementet ikkje må godkjennast av styret sjølv, og orientere styret om resultatet i første styremøte etter godkjenning
- 4.2.8. treffe avgjerd om å innrømme ansvar eller inngå forlik med erstatningsansvar i saker som ikkje eg høggre enn beløp gitt i fullmakt frå Kunnskapsdepartementet
- 4.2.9. følge opp randsoneverksemd ved behov

4.3. Utdannings- og forskingssaker

Styret delegerer til høgskuledirektør å

- 4.3.1. opprette og revidere retningslinjer og å gjennomføre mindre endringar av vedtekne forskrifter og underliggende dokument, så sant delegert mynde i forhold til uhl. § 3-3 ikkje blir endra
- 4.3.2. gi utfyllande føresegn og instruks til forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda
- 4.3.3. treffe avgjersler i samsvar med forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda, dersom vedtaksmynde ikkje spesifikt går fram av forskrifta
- 4.3.4. saman med rektor godkjenne søknad til departement/direktorat om tildeling av særskilt utlyste løyvingfinansierte studie på lågare grads nivå
- 4.3.5. saman med rektor ha ansvar for å etablere, ta i bruk og vedlikehalde kvalitetssystemet på ein slik måte at intensjonane som er lagt til grunn blir realisert, jf. punkt 3.3.3. Direktøren har ansvar for drift og vedlikehald av kvalitetssystemet. Direktøren har òg ansvaret for kvaliteten i dei administrative tenestene knytt til studiekvalitet.

4.4. Personale/leiing

Styret delegerer til høgskuledirektør å

- 4.4.1. ha det overordna arbeidsgivaransvaret for høgskulens samla personale
- 4.4.2. gi økonomisk godkjenning av vidareføring eller oppretting av stillingar utover dei som høgskulestyret sjølv godkjenner (jf. 2.4.2)



- 4.4.3. ha tilsetjingsmynde ved tilsetjingar for kortare tid enn inntil 6 månadar, jf. styrevedtak 70/2013 og HVO sitt personalreglement § 4
- 4.4.4. gjere tilsetjing i kortare periode enn 12 månader utan handsaming i tilsetjingsutval (ved forlenging må vanlig prosedyre følgast), jf. statsansatteloven § 7 nr. 2 og HVO sitt personalreglement § 4
- 4.4.5. vere arbeidsgivarrepresentant ved drøftingar og forhandlingar med arbeidstakarorganisasjonane med mindre anna er avtalt eller fastsett særskilt

5. Dekan sitt mynde

Heimelen for dekan si mynde:

- Delegeringsvedtak fatta av høgskulestyret, rektor eller høgskuledirektør

Jf. også utlysningstekst for stillinga godkjent i høgskulestyresak 94/18 (23.10.2018) og 32/19 (møte 25.10.19).

5.1. Organisering og styring

Styret delegerer til dekan å

- 5.1.1. vere den faglege og administrative leiaren ved avdelinga. Dekanen rapporter til rektor i faglege saker og høgskuledirektør i administrative saker
- 5.1.2. sørge for at saker frå avdelinga, som skal avgjerast i høgskulestyret, blir førebudde i avdelinga
- 5.1.3. utnemne prodekan ved behov. Ved oppnemning av prodekan har institutta og avdelingsrådet rett til å nominere. Prodekan skal vere med i avdelingsleiinga.
- 5.1.4. utnemne sin(e) representant (ar) ved behov. Representanten skal som hovudregel vere med i avdelingsleiinga.
- 5.1.5. delegere oppgåver og mynde til sin representant (jf. punkt 5.1.4.) innanfor område som gjeld den daglege drifta.
- 5.1.6. lage rutinar for oppnemning etter punkt 5.1.3. Dei tilsette skal involverast i samsvar med punkta 5 og 6 i tilpassingsavtalen.

5.2. Økonomi

Styret delegerer til dekan å

- 5.2.1. vere ansvarleg for at drifta ved avdelinga skjer innanfor dei økonomiske rammene høgskulestyret har vedteke (jf. stillingsskildring)
- 5.2.2. ha disposisjonsrett over vedtatt budsjett. Retten kan delegerast vidare til representantar i avdelingsleiinga innanfor budsjетtrammene som dekan har vedtatt.



- 5.2.3. inngå avtale om engasjement av timelærarar, gjesteforelesarar, sensorar og anna bistand. Dette kan delegerast vidare til instituttleiar/seksjonsleiar innanfor dei budsjetttrammene som dekan har vedtatt.
- 5.2.4. inngå avtale om levering av varer og tenester til eksterne innanfor dei budsjetttrammene som styret har vedtatt.

5.3. Utdannings-, forsking- og utviklingssaker

Styret delegera til dekan å

- 5.3.1. vere ansvarleg for å følgje opp måla som er fastsett i strategiske planar og handlingsplanar, som er vedtekne av høgskulestyret (jf. stillingsskildring)
- 5.3.2. utvikle studieporteføljen ved avdelinga og sørge for at utdanningane oppfyller fastsette kvalitetsmål, medrekna igangsetting av studieplanprosessar, jf. punkt 2.3.2.
- 5.3.3. utvikle FoU-strategien ved avdelinga, sette mål for forskinga og gjere tilgjengeleg nødvendige ressursar for å nå måla (jf. stillingsskildring/ stillingsomtale)
- 5.3.4. sørge for at forskingsresultat frå avdelinga blir formidla til samfunnet og at avdelinga har god samfunnskontakt (jf. stillingsskildring)
- 5.3.5. inngå samarbeidsavtalar for faglege samarbeid med andre institusjonar på område som til dømes:
- Etter- og vidareutdanning
 - Forskings- og utviklingsarbeid
 - Bidrags- og oppdragsgivarar FoU
 - Eksternt finansierte utdanningar EVU
 - Samarbeidsavtalar om utdanningar (andre UH-institusjonar)
 - Avtalar om å vere 'underleverandør' for andre forskingsinstitusjonar i FoU-prosjekt
 - Intensjonsavtalar om samarbeid
- 5.3.6. godkjenne eksisterande emne/studieplanar med mindre endringar
- 5.3.7. ha ansvar for å ta i bruk, fylgje opp og halde ved like kvalitetssystemet ved eiga avdeling på en slik måte at intensjonane som er lagt til grunn vert realiserte

5.4. Personale/leiing

Styret delegerer til dekan å

- 5.4.1. ha personalansvar for tilsette ved avdelinga. Dette kan delegerast vidare til institutt-leiarar/seksjonsleiarar og kontorsjef/administrativ leiar.
- 5.4.2. gi innstilling til tilsetjingsutval ved tilsetting av dekan sine eigne leiarar samt administrativt personale.

Styret delegerer til dekan sin representant å

- 5.4.3. gi innstilling til tilsetjingsutval ved tilsetjing i eiga avdeling utover det som er skildra i



punkt 5.4.2.

6. Mynde for nemnder og utval

Heimelen for nemnder/utval si mynde:

- Delegeringsvedtak teke av høgskulestyret, rektor eller høgskuledirektør.

6.1. Klagenemnda

Heimel for Klagenemnda sitt mynde:

- Uhl. § 5-1 1.ledd
- Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda kapittel 7
- Styresak 18/19

Styret delegerer til Klagenemnda å

- 6.1.1. behandle og gjere vedtak ved klage over vedtak om opptak til studiar/kurs ved høgskulen som i samsvar med regelverket ikkje kan bli handsama av andre instansar
- 6.1.2. behandle og gjere vedtak ved klage over vedtak om dispensasjon eller fritak for eksamen eller prøve
- 6.1.3. behandle og gjere vedtak ved klage over vedtak om å nekte oppmelding/tilgang til eksamen
- 6.1.4. behandle og gjere vedtak ved klage over formelle feil ved blant anna avvikling av eksamen, gjennomføring av sensur, godkjenning av kurs eller praksis
- 6.1.5. behandle og gjere vedtak ved klage over vedtak som gjeld studiepermisjon
- 6.1.6. behandle og gjere vedtak ved klage over andre enkeltvedtak
- 6.1.7. behandle og gjere vedtak ved saker etter uhl. § 4-7 som gjeld annullering av eksamen eller prøve
- 6.1.8. behandle og gjere vedtak ved saker etter uhl. § 4-8 om utestenging eller bortvising
- 6.1.9. gjere vedtak, etter uttale frå institusjonen, i saker etter uhl. § 4-9 (5) om studenten skal bli nekta retten til å delta i klinisk undervisning eller praksisstudiar (jf. Forvaltningsloven § 42)
- 6.1.10. gjere vedtak i skikkasaker (uhl. 4-10 (3), jf. 13/11)

7. Seanse

7.1. Heimel for Seanse sitt mynde

- Delegeringsvedtak teke av høgskulestyret, rektor eller høgskuledirektør.
- Avtalar mellom HVO og Fylkeskommunen
- Føringar frå Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet



8. Delegering av administrativ mynde

Med dei avgrensingane som ligg i Universitets- og høyskoleloven, delegeringsvedtak fatta av Høgskulestyret, Bevillingsreglementet, Hovudinstruks frå Kunnskapsdepartementet om økonomiforvaltninga ved statlege universiteter og høgskular eller retningslinjer gitt av departementet, har høgskuledirektøren kompetanse til å fatte administrative avgjersler.

8.1. Generelt

- 8.1.1. Alle administrative avgjersler teke av andre enn høgskuledirektøren sjølv skal gjerast i medhald av delegering frå høgskuledirektøren eller i samsvar med stillingsfullmakt.
- 8.1.2. Fullmakt på eit saksområde omfattar rett og plikt til å treffe alle avgjersler innanfor saksområdet innanfor dei rammene som fullmakta set.
- 8.1.3. Saker av prinsipiell karakter, saker som forpliktar høgskulen økonomisk eller juridisk utover eitt år skal avgjerast av høgskuledirektøren dersom dette ikkje er spesifikt delegert i eigne fullmaktsoversikter.
- 8.1.4. Dekanar skal halde høgskuledirektøren orientert om viktige avgjersler.
- 8.1.5. Leiarar har ansvar for at vidaredelegering berre skjer til personar som har relevant kompetanse til å fatte avgjersler.
- 8.1.6. Tilvisingsmynde vert delegert av høgskuledirektøren.
- 8.1.7. Høgskuledirektøren kan når som helst endre eller flytte delegert mynde.